



**Naturvernforbundet**  
i Ørsta og Volda

Volda, 28.08.2023

[Postmottak@orsta.kommune.no](mailto:Postmottak@orsta.kommune.no)

Ørsta.

## **Sakssnr. 19/10188 Kommunedelplan for klima, energi og klimatilpassing 2023 - 2033**

Naturvernforbundet har nokre merknader til planen, og ser fram til at desse vert lagt ved den vidare handsaminga av denne viktige saka.

### **Eit sjølvransakande tilbakeblikk**

I forordet til planutkastet kan vi lese: *Evaluering av kommunedelplan for klima og energi frå 2010 syner at oppfølging av planen har vore mangelfull. Utsleppa har ikkje vorte redusert i samsvar med måla.*

Her er det viktig at både kommunestyret og den administrative leiinga også set ord på *kvifor* måla i den gamle planen ikkje vart nådd.

### **Føringar**

Før det vert gjort vedtak om ein ny plan, er det viktig at også den generelle delen, *Bakgrunn og føringar* (s.7-15), vert diskutert på ein slik måte at eventuell usemje kjem fram. Om ikkje, kan planen bli vedteken med ei skjult usemje. Når ein i perioden kjem til vanskelege val, må kommunen kunne stø seg på ei sams forståing av dei overordna føringane i planen. Difor er denne delen av planen både viktig og god. Vi treng å bli mint om at Ørsta er ein del av Verda, og at det er i her, i kvar einskild kommune, at Parisavtalen og Naturavtalen faktisk skal gjennomførast gjennom vedtak i store og små saker.

I kapittelet *Internasjonale føringar* (s.10) burde FNs naturavtale (Montreal 2022) vore med.

Både energi og klimapolitikk er nært knytt til omsynet til naturmangfold. Heile poenget med å redusere klimautslepp er jo å redde naturen. Denne dimensjonen kunne ha kome fram som ei føring for planen.

### **Målbare mål**

Nokre av måla i planen er talfesta og kan etterprøvast. Det er bra.

Men nokre er for utydelege:

Å *reducere* klimafotavtrykket er for lite forpliktande. Kor mykje?

Å *reducere* behovet for bruk av bil er bra. Men kor mykje vil vi redusere bruken av privatbilar lokalt i Ørsta?

Å *legge til rette* for syklande og gåande er bra. Men tør vi talfeste mål om kor mange fleire km gang- og sykkelveg? Eller: Eit mål om bilfri skuleveg til alle born i Ørsta?

Målet om arealnøytralitet utanfor tettstadane er godt. Dette vil m.a. ha konsekvensar for hyttebygging og anlegg for friluftsliv. Arealrekneskapen må ta utgangspunkt i ei grundig kartlegging for å fastsetje dei ulike areala sine verdiar og kvalitetar. I denne rekneskapen må også fjordareala takast med.

Vi ser fram til ein ny arealplan for Ørsta, der desse omsyna vert førande. På fleire punkt bør planen bli meir konkret. Då kan han lettare evaluerast undervegs mot 2033 - kanskje kvart andre år. Slike undervegs-evalueringar kan verke til betre måloppnåing enn med 2010- planen.

Norge har forplikta seg til å verne 30% av land og sjøarealet innan 2030. (vist til s. 27 i planen). Skal dette lukkast må alle kommunar bidra med meir vern. Anten ved å gje eit aktuelt areal status som nasjonalpark, landskapsvernområde, marint vern eller naturreservat. Også her bør kommunen sine mål og ambisjonar talfestast.

### **Skogen.**

Planen har eit godt kapittel om karbonfangst. Den peikar på karbonlagera i bakken, men vi saknar eit fokus på den gamle "uproduktive" skogen. Det er eit godt klimatiltak å la denne stå. Gammal skog bind meir karbon enn ungskog. Det er også i denne skogen vi finn det største naturmangfoldet. Det er eit nasjonalt mål om 10% skogvern.

Her har Ørsta ein lang veg fram. Første steg må vere å identifisere (registrere) gammal skog, og så få han verna. Naturskogen har og ei evne til å begrense flaum, skred og erosjon. Dette er hendingar som truleg kjem oftare framover.

Politikarane i Ørsta har eit særst viktig arbeid framfor seg i arbeid med planen, og planframlegget er eit godt grunnlag for gode debattar og gode klimavedtak.

Naturvernforbundet ynskjer dykk *lukke til!*

Med helsing frå  
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda.